



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2023	Levekårsutvalet	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-F47, TI-&58	20/1715

TILSTANDSRAPPORT 2022 - SØRFJORDEN BARNEVERNSTENESTE

Vedlegg:

Tilstandsrapport 2022 barnevern

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste 2022 vert tatt til orientering.

Levekårsutvalet - Sak 07/2023

LEV - Behandling:

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad svarte på spørsmål frå utvalet.
Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste 2022 vert tatt til orientering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Føremålet med ein tilstandsrapport er å gje kommunestyret betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane.

Bakgrunn

I Prop 73 L om endringar i barnevernlova var det eit forslag om å lovfesta eit krav om årleg tilstandsrapportering om barnevernet til kommunestyret. Dette forslaget var på høyring i 2019, og innspela var i all hovudsak positive. Våren 2020 blei Prop 84 L (2019-2020) lagt fram for Stortinget. Her blei forslaget om tilstandsrapportering gjentatt og spesifisert. Dette forslaget blei vedteke med verknad frå 1. januar 2021.

Kommuneleiinga har ansvar

Kommunen si øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barneverntenesta blir forvalta i tråd med gjeldande regelverk og at tenestene er forsvarlege. Kommunen har ansvar for styringen av barnevernet og for å ha ein systematisk kontroll som sikra at den kommunale barnevernstenesta utfører arbeidet sitt i tråd med regelverket, slik at barn og familiar får den hjelpen dei har behov for. Både kommunelova og barnevernlov har bestemmingar som skal sikra dette.

Kommunar som jobbar godt med fagleg utvikling av barnevernet og samordning av tenestetilbodet, blir ofte kjenneteikna av at den politiske og administrative leiinga er tett på arbeidet, vurderer kvaliteten i eigne tenester og stiller klare forventningar.

Kvifor er tilstandsrapporten viktig?

God styring forutset kunnskap og innsikt. Tilsyn har vist at det i enkelte kommunar er ei utfordring at barnevernet sitt arbeid er lite kjent. Dette kan bidra til at tenesta sitt viktige arbeid ikkje blir prioritert i tilstrekkeleg grad. Ein god tilstandsrapport gir både politikare, kommunetilsette og befolkninga innsikt i korleis barnevernet jobbar, og kva problemstillingar tenesta møter. Vidare kan tilstandsrapporten leggje grunnlaget for dialog om prioriteringar og forventningar. Rapporten vil òg bidra til meir openheit og innsikt i barnevernet sitt arbeid.

Tilstandsrapportering som ein del av kvalitetsutviklingen

Eit av dei viktigste føremåla med tilstandsrapporteringa er at den skal bidra til auka bevisstheit i kommunane om kva som er godt barnevern. Det er ikkje kun sjølv rapporten som er viktig inn i dette, men òg prosessen med å utarbeida den, samt handsaming og diskusjonen av innhaldet i den i etterkant.

Tilstandsrapportering som ein del av internkontrollen

Alle kommunar skal allereie ha system som sørgjer for oversikt og kontroll med tenesta, dette kjem av internkontrollforskrifta. Føremålet med internkontroll er å sikra at lova sitt krav blir overholdt. Internkontroll skal bidra til å førebyggje svikt og uheldige hendingar og bidra til at kommunen lærer av dei feil som skjer slik at dei ikkje blir gjentatt. Internkontroll handlar om kontroll og intern styring av verksemda. Det er òg eit verktøy for leiarar for styring og utvikling av den daglege drifta.

Sjølv om ikkje kravet til internkontroll er det same som kravet om å utarbeida en årleg tilstandsrapport, kan ein mogelegheit vera å sjå desse to krava i samanheng. For å ha kontroll og intern styring av tenesta, er ein nødt til å ha oversikt over korleis tilstanden i tenesta er. Vidare må dette leggje grunnlag for eventuelle tiltak som blir sett for å sikra at lova sine krav blir overholdt og bidrar til eit godt teenestetilbod.